


Kartleggingsmateriell

Språkkompetanse i grunnleggjande norsk





Innledning

Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter er ein overgangsplan som skal brukast til elevane er i stand til å følgje opplæringa etter læreplanen i norsk. I vedtekten om vurdering i læreplanen heiter det: "Det er utarbeidet kartleggingsverktøy i tilknytning til læreplanen. Når elevene har nådd målene i læreplanens nivå 3, skal de følge ordinær norskopplæring og bli vurdert i samsvar med denne. Det gis derfor ikke vurdering med karakter."

Kartleggingsmateriell Språkkompetanse i grunnleggjande norsk består av tre delar. Den første delen er ein språkbiografi som inneholder ei beskriving av den samla språkkompetansen til eleven. Del to er eit kartleggingsverktøy som inneholder både nivåbeskrivingar og skjema som skal brukast for å dokumentere dei norskspråklege ferdighetene til eleven på ulike område. Del tre er ei språkmappe der språkkompetansen til elevane kan dokumenterast. Dette materiellet skal hjelpe skolen med å vurdere når eleven er i stand til å følgje og ha utbytte av opplæringa etter læreplanen i norsk, og skal fungere som ei støtte for å avgjere overgangen til denne læreplanen.

Vurderinga av den norskspråklege kompetansen til elevane skal gjerast i høve til kompetansemåla som er nedfelt i *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*.

Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter er aldersuavhengig og nivåbasert. Han er strukturert i fire hovudområde: *Lytte og tale, Lese og skrive, Språklæring og Språk og kultur*. For kvart av desse områda er det kompetansemål på tre nivå. Desse nivåa er for ein stor del utarbeidde på grunnlag av dei fire første nivåa i det europeiske rammeverket for språklæring (Common European Framework of Reference for Languages). (Jf. *Læreplan i grunnleggende norsk*, s. 1)

Kartleggingsmateriellet er til dels laga etter mønster av dei norske versjonane av *European Language Portfolio*, "Europeisk språkperm for voksne innvandrere" og "Europeisk språkperm 13 – 18 år", som byggjer på kjende prinsipp for læring og undervisning av framandspråk. (<http://skolenettet.no/templates/Page.aspx?id=25927>).

Kartleggingsmateriellet skil seg frå språkpermane ved at det er tilpassa hovudområde, nivå og kompetansemål i *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*.

For læraren er materiellet eit hjelpemiddel for å kartleggje elevane sine kunnkapar og vurdere om læringsmål er nådde. Det kan også fungere som hjelp for læraren når det gjeld progresjon og tilpassing av opplæringa.

Ved hjelp av kartleggingsmateriellet skal elevane kunne dokumentere språkferdighetene sine. Det er også eit pedagogisk verktøy som har som mål å styrke medvitnet til elevane om korleis dei lærer norsk, og om korleis dei kan


vere med og ta ansvar for si eiga språkutvikling.

Arbeidet med verktøyet kan også vere med og gi føresette innsikt i språkutviklinga til eleven, kva det bør arbeidast meir med, og korleis dei føresette kan støtte eleven i læringsprosessen.

Verktøyet har mange trekk felles med *Europeisk språkperm 13 – 18 år*. Mange av elevane vil derfor også bli kjende med ein måte for å dokumentere og vurdere språkkunnskapar som dei kan møte igjen i framandspråksfaga.

For ein del elevar kan det vere føremålstenleg å følgje delar av ordinær opplæring samtidig som dei arbeider etter læreplanen i grunnleggjande norsk. På barnesteget til dømes treng ikkje skriftspråklege ferdigheter nødvendigvis å tilsvare nivå 3 før eleven begynner å arbeide etter læreplanen i norsk.





Kartleggingsmateriellet

Kartleggingsmateriellet er utarbeidd til bruk for lærarar og elevar og vil kunne gi eit bilet av elevane sin samla språkkompetanse og av deira norskspråklege utvikling og kompetanse. Det skal vere ei hjelpe i lærarane si vurdering av når eleven har nådd måla for det enkelte nivået i læreplanen i grunnleggjande norsk. Materiellet skal kunne gi eit vedtaksgrunnlag for når eleven kan gå over til å følgje opplæringa etter læreplanen i norsk.

Materiellet består av tre hovuddelar:

1. Språkbiografien min.

Eleven si beskriving av eigen samla språkkompetanse

Språkbiografien har tre delar:

- Personlege opplysningar, b. Språka mine, c. Språklæringa mi

2. Kartleggingsverktøy.

Verktøyet, som er den mest omfattande delen av kartleggingsmaterialet, omfattar:

- Nivåbeskrivingar, b. "Eleven kan"-utsegner.

Del a er basert på hovudområda og nivåa i læreplanen og gir ei oversikt over ulike kompetansemål.

Del b inneheld skjema for ulike ferdigheiter som elevane skal meistre.

3. Språkmappa til eleven – forslag til innhald.

Språkmappa skal brukast til å samle munnlege og skriftlege arbeid som dokumenterer eleven sine norskspråklege ferdigheiter og kunnskap om språk og kultur.

Som vedlegg finst det eit oversiktsskjema "Profilen til eleven". Ulike delar av språkkompetansen utviklar seg til vanleg i ulikt tempo. Ved å fylle ut profilark med jamne mellomrom vil både læraren og eleven få betre oversikt over eleven sin framgang og over kva eleven har særleg behov for å arbeide meir med.

Bruken av kartleggingsmateriellet må ein sjå i samanheng med rettleiinga som er utarbeidd i tilknyting til læreplanen i grunnleggjande norsk.

Del 1. Språkbiografin min


Føremålet med språkbiografin er å synleggjere eleven sin samla språkkompetanse på det aktuelle tidspunktet. Han skal også vere eit utgangspunkt for tilrettelegging av opplæringa på skolen, og han skal hjelpe eleven til, i samarbeid med føresette, å reflektere over eiga språklæring.

Dersom elevar begynner på ein norsk skole utan eller med svært avgrensa kompetanse i norsk, kan språkbiografin den første gongen utarbeidast ved hjelp av ein tospråkleg lærar og tolk. Føresette bør også trekkjast inn i dette arbeidet. Kor mange av punkta som blir utfylte, må tilpassast alderen og språknivået til eleven.

Språkbiografin min

A. Personlege opplysningar

Namn
Adresse
Fødselsdato
Fødestad
Ev. innreise til Noreg
Dato for utfylling




B. Språka mine

Språk	Eg har lært språket (heime, i barnehagen, på skolen, blant venner ... osv)	Eg har lært språket (kor lenge år/månader)	Eg kan forstå språket	Eg kan snakke språket	Eg kan lese språket	Eg kan skrive språket	Eg bruker språket saman med
Språk 1 (morsmål)							
Språk 2							
Språk 3							
Språk 4							

C. Språklæringa mi

Språk	Eg lærer språket fordi	Eg lærer språket best når eg (snakkar med familien, snakkar med venner, arbeider i grupper, gjer lekser, les bøker, bruker Internett, ser på film ... osv)	Når eg ikkje forstår, eller når eg treng hjelp til å lære (spør eg medelevar, ber eg læraren om hjelp, bruker eg ordbok, spør eg heime, bruker eg Internett ... osv)	Dette ønskjer eg å kunne på språket	For å lære meir av språket vil eg
Språk 1 (mors-mål)					
Språk 2					
Språk 3					
Språk 4					



Del 2. Kartleggingsverktøyet

Kartleggingsverktøyet er utarbeidd på grunnlag av *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*, og ein må sjå verktøyet i samanheng med planen.

Verktøyet består av to delar

- a. nivåbeskriving**
- b. "eleven kan"-utsegner.**

Kartleggingsverktøyet er delt inn i tre nivå i tråd med læreplanen. Mens det i læreplanen er fire hovudområde (*lytte og tale, lese og skrive, språklæring, språk og kultur*), er det seks i kartleggingsverktøyet da kvart av områda lytte og tale, lese og skrive er delt i to.

Kompetansemåla innanfor dei ulike områda og nivåa kjem til uttrykk gjennom ei rekke "eleven kan"-utsegner. Dei byggjer på kompetansemåla i planen, men konkretiserer måla og er derfor meir omfattande enn måla er. "Kan"-utsegne har karakter av sjekklistar, som gir informasjon om kva for nivå eleven er på. Overfor elevar som kan noko norsk, vil verktøyet derfor vere ei hjelp når det gjeld å plassere eleven på rett nivå, eller for å avdekke kva for delområde innanfor eit nivå eleven allereie kan.

Undervegs i språkinnlæringa skal lærar og elev vurdere kva eleven meistrar. Det er naturleg at eleven utviklar forskjellige delar av språket i ulikt tempo. Dette gjer at eleven samtidig kan arbeide med ulike nivå innan dei ulike hovudområda. Til dømes kan ein elev arbeide samtidig med nivå 2 i skriftlege ferdigheter og nivå 3 i munnlege ferdigheter.

a) Nivåbeskrivingar

Nivåbeskrivingane i dette materiellet er først og fremst ein reiskap for læraren. Beskrivingane skal gi innsikt i og oversikt over det eleven skal kunne meistre i språket, kor langt eleven er kommen i språkutviklinga si, og kva det er viktig å leggje vekt på i det vidare arbeidet med språklæringa. Nivåbeskrivingane skal vere grunnlaget for læreren si vurdering av språkkompetansen til eleven og er samtidig grunnlaget for "eleven kan"-utsegnene som eleven arbeider med i samarbeid med læraren.

b) "Eleven kan"- utsegnene

"Eleven kan"-utsegnene har form av sjekklistar og tek for seg kva eleven skal meistre innanfor delferdighetene i språket. Utsegnene er utforma slik at både læraren og eleven skal gjøre ei vurdering av kor langt eleven er kommen innanfor kvar enkelt ferdighet. Ut frå desse vurderingane har læraren og eleven ein samtale om eleven si språkutvikling. Dette gir lærarane eit utgangspunkt for å tilpasse opplæringa til eleven sitt behov, og gjer det mogleg for eleven å ta ansvar for eiga læring og utvikling. Det vil òg hjelpe eleven til å bli medviten om eiga læring og utvikling, setje seg eigne mål og kan medverke til å auke motivasjonen for å lære.

Utsegnene tek for seg funksjonar og ferdigheter som eleven skal meistre i tråd med kompetansemåla i læreplanen, men dekkjer ikkje nødvendigvis alt læraren og eleven ønskjer og finn det føremålstenleg å arbeide med. Det kan derfor vere både ønskjeleg og nødvendig å utarbeide fleire "eleven kan"-utsegner til kvar enkelt ferdighet eller konkretisere utsegnene i fleire delar.

I del 3, Språkmappa til eleven, skal det samlast arbeid som dokumenterer eleven sine språklege ferdigheter og kunnskap om språk og kultur. I sjekklisene i del 2 finn ein rubrikk "dokumentert i mappe". Her kan eleven skrive dato når det finst dokumentasjon i språkmappa som knyter seg til det aktuelle punktet.

a. NIVÅBESKRIVINGAR


Språklege ferdigheter

Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Lytteforståing	<p>Forstår enkle beskjedar.</p> <p>Forstår sentrale ord og uttrykk for å dekkje grunnleggjande behov på skolen og i fritida.</p> <p>Forstår spørsmål og ytringar knytte til eigen person, familie, skole, handlingar, hendingar og objekt i nære omgivnader når talaren snakkar tydeleg.</p> <p>Forstår vanlege former for god folkeskikk.</p> <p>Forstår tal i praktiske situasjoner</p>	<p>Forstår ytringar knytte til daglegdagse hendingar og gjeremål og til personlege forhold.</p> <p>Oppfattar beskjedar og informasjon knytte til ulike situasjoner.</p> <p>Forstår innhaldet i forteljingar, beskrivingar og faglege framstillingar.</p> <p>Forstår tal og storleikar i praktiske situasjoner.</p>	<p>Forstår det som blir sagt om kjende og også om ein del ukjende emne.</p> <p>Oppfattar hovudinhaldet i filmar, teaterstykke, radio- og tv-program.</p> <p>Forstår undervisninga og kan følgje med på lengre samanhengande utgreiingar.</p>



Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Tale	<p>Uttaler norske lydar, lydkombinasjonar og uttaler setningar med så god intonasjon at andre forstår det som blir sagt.</p> <p>Kan bruke sentrale ord og uttrykk for å dekke grunnleggjande behov på skolen og i fritida.</p> <p>Ytrar seg forståeleg om seg sjølv og sitt nærmiljø.</p> <p>Kan fortelje enkelt om eigne opplevingar.</p> <p>Deltek i enkle samtalar, kan stille spørsmål og kan gi tilbakemelding om ting som ikkje blir forstått.</p> <p>Kan dei mest brukte av dei høflege frasane.</p> <p>Kan bruke tal i praktiske situasjonar.</p>	<p>Snakkar forståeleg og samanhengande.</p> <p>Kan beskrive og karakterisere personar og hendingar i kvardagen.</p> <p>Kan formidle beskjedar og informasjon knytte til ulike situasjonar.</p> <p>Kan gi uttrykk for eigne meininger.</p> <p>Kan gjengi hovudinhaldet i dramatiserte eller illustrerte munnlege framstillingar og forteljingar.</p> <p>Kan samtale om innhaldet i filmar, dataspel, litterære tekstar og teaterstykke.</p> <p>Deltek i samtalar som inneber utveksling av informasjon om kjende emne, og nyttar nokre strategiar for samtaleregulering.</p> <p>Kan bruke tal og storleikar i praktiske situasjonar.</p>	<p>Bruker eit relevant språk med omsyn til ordforråd og strukturar i ulike situasjonar.</p> <p>Kan fortelje om interesser, hendingar og erfaringar knytte til eigen kvardag tilpassa situasjonen, føremålet og mottakarane.</p> <p>Deltek i samtalar og medverkar til å halde samtalet i gang, mellom anna ved å bruke ulike kommunikasjonsstrategiar.</p> <p>Kan uttrykkje og grunngi eigne standpunkt.</p> <p>Kan gi respons til medelevar og kan vise respekt for deira meininger.</p> <p>Deltek aktivt i ulike opplæringssituasjonar, mellom anna gjennom rollespel, drama og intervju.</p> <p>Kan oppsummere og beskrive innhaldet i filmar, teaterstykke, radio- og tv-program.</p>

Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Lese	<p>Kan det norske alfabetet, og kan lese små og store bokstavar.</p> <p>Kan kjenne att namn, tal, logoar og skilt.</p> <p>Forstår hovudideen i enkle tekstar om tema eleven har lært om på norsk, både faglege tekstar, informasjonstekstar og beskrivingar.</p> <p>Forstår og kan samtale om samanhengen mellom bilet og tekst i enkle samansette tekstar.</p> <p>Les tilpassa tekstar tydeleg med flyt og samanheng.</p> <p>Kan finne aktuelle bøker eller tekstar på biblioteket eller på Internett.</p>	<p>Les og forstår ulike typar tekstar med aldersrelevant og aktuelt innhald.</p> <p>Kan finne fram til relevant informasjon i enkle brukstilvisingar, fagtekstar, tabellar og grafiske framstillingar.</p> <p>Forstår og kan gi eksempel på korleis ord og bilet verkar saman i tekstar.</p> <p>Kan søkje informasjon digitalt.</p>	<p>Forstår og hentar ut hovudinnhaldet i fagtekstar.</p> <p>Les og forstår skjønnlitterære tekstar i ulike sjangrar.</p> <p>Bruker ordbøker og digitale hjelpe-middel til ordlæring, omgrepstilståing, bøyning og rettskriving.</p> <p>Kjenner språklege verkemiddel som gjentaking, sammenlikning og metaforar.</p> <p>Kan finne materiale til eigne skrive- og arbeidsoppgårer på bibliotek og Internett.</p> <p>Kan tolke og beskrive grafiske presentasjoner av tal og andre data.</p> <p>Kan lese og samtale om enkle tekstar på sidemålet.</p>



Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Skrive	<p>Skriv og svarer på enkle spørsmål og korte beskjedar.</p> <p>Skriv korte frioppgåver om kjende, gjennomgåtte emne på ein forståeleg måte med funksjonell handskrift og digitalt.</p> <p>Kan fylle ut enkle skjema med personlege opplysningar.</p>	<p>Kjenner og kan bruke grunnleggjande skriftspråkskonvensjonar som teiknsetjing, avsnitt og tekstbinding.</p> <p>Kan svare på oppgåver til gjennomgått stoff om kjende emne.</p> <p>Skriv brev, korte frioppgåver og enkle fagtekstar, også digitalt.</p> <p>Gjenfortel historier på ein forståeleg måte.</p> <p>Kan uttrykkje eigne kjensler og meiningar i eiga skriving.</p> <p>Kan fylle ut relevante skjema.</p>	<p>Kan organisere tekstar på ein oversiktleg måte og til ein viss grad formelt korrekt.</p> <p>Kan bruke informasjon frå fagtekstar til å løyse oppgåver.</p> <p>Kan ta notat og kan samanfatte hovudinnhaldet i aktuelle medietekstar.</p> <p>Kan bruke eit variert ordforråd for å uttrykkje kjensler og meiningar i eiga skriving.</p> <p>Kan produsere samansette tekstar med bilete og varierte skrifttypar.</p>

Språklæring, språk og kultur

Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Språklæring	<p>Kan samanlikne språklydar, ord og uttrykk på morsmålet og norsk.</p> <p>Kan samtale om tilhøvet mellom tale og skriftspråk.</p> <p>Kan gi eksempel på korleis skriftbiletet varierer avhengig av skriftsystem.</p> <p>Kan klare enkle strategiar for leseforståing.</p> <p>Kan samtale om eige arbeid med å lære det nye språket og bruk av ulike læringsstrategiar.</p>	<p>Kan identifisere og beskrive ulike ordklassar og funksjonane til desse ordklassane.</p> <p>Forstår enkelte nye ord gjennom å ha noko kjennskap til ordlagning og ordfamiliar på norsk.</p> <p>Bruker eigne erfaringar til å snakke om likskapar og skilnader mellom norsk og eige morsmål.</p> <p>Kan bruke ulike strategiar for å lære nye ord og omgrep.</p> <p>Kan beskrive og vurdere eigen framgang med å lære norsk.</p> <p>Kan samtale om kommunikasjonsstrategiar.</p>	<p>Kan snakke om talemålsvariasjon i ulike språk.</p> <p>Kan snakke om erfaringar med kvar, korleis og når dei ulike språka blir brukte.</p> <p>Kan samtale om bruk av ironi og humor.</p> <p>Kan identifisere likskapar og skilnader mellom norsk og eige morsmål og kan utnytte dette i eiga språklæring.</p> <p>Kan reflektere over eigen kompetanse som fleirspråkleg.</p> <p>Kan reflektere over korleis det å vere fleirspråkleg har verdi for eiga læring av fag og språk.</p>



Ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Språk og kultur	<p>Kan samtale om innhaldet i enkle, aldersrelevante tekstar som til dømes eventyr, forteljingar, gåter, vitsar, dikt og songar.</p>	<p>Kan samtale om munnlege eller skriftlege tekstar frå ulike land og gjere samanlikningar.</p> <p>Kan forklare meiningsa i nokre faste uttrykk, sentrale ordtak og språklege bilete.</p> <p>Kan forklare korleis val av ord, stemmebruk og kroppsspråk kan uttrykkje ulike haldningar.</p> <p>Kan samtale om språkleg mangfald i Noreg.</p> <p>Kan uttrykkje eigne tankar om personar og handlingar i forteljingar, TV-program, filmar eller teaterstykke.</p> <p>Kan fortelje om nokre lokale personar, stader og hendingar.</p> <p>Kan fortelje om nokre sentrale norske personar, stader og hendingar</p>	<p>Kan presentere eigne tolkingar av personar og handlingar i relevant skjønnlitteratur.</p> <p>Kan presentere viktige tema i nokre sentrale norske samtidstekstar.</p> <p>Kjenner språklege særtrekk ved nokre norske dialektar.</p> <p>Kan forklare opphavet til nokre vanlege norske ord og uttrykk.</p> <p>Kan samtale om korleis norsk språk har endra seg over tid.</p> <p>Kan forklare korleis språk og sjangrar blir brukte ulikt i nokre ulike sosiale samanhengar.</p> <p>Kan samanlikne bruk av ironi og humor i ulike språk.</p> <p>Kan samtale om korleis språk kan uttrykkje og skape haldningars til enkeltindivid og grupper.</p>

b. "Eleven kan"-utsegner

Desse utsegnene byggjer på kompetansemåla i læreplanen i grunnleggjande norsk, men fordi dei konkretiserer måla, er dei meir omfattande. Utsegnene viser kva for område eleven arbeider med, kva dei meistrar med hjelp, og kva dei meistrar utan hjelp. Sjekklistene er derfor eit pedagogisk hjelpemiddel som både viser framgang og kva det er nødvendig å arbeide meir med. Samtidig kan dei vise når måla for dei ulike nivåa i læreplanen er nådde.

Alle skjema er samla for alle nivåa under kvart hovudområde: lytte, tale, lese, skrive, språklæring, språk og kultur.



LYTTE

Nivå 1

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan forstå spørsmål om seg sjølv og familien. <i>(Til dømes kva eleven heiter, kvar eleven bur, og kor mange sysken eleven har)</i>				
Eleven kan forstå korte helsingar og vendingar. <i>(Til dømes hei, takk, ver så god)</i>				
Eleven kan forstå namn på ting som finst i klasserommet.				
Eleven kan forstå når læraren gir enkle beskjedar i klassen. <i>(Til dømes om lekser eller kva ein skal ha med på tur)</i>				
Eleven kan forstå når nokon snakkar langsamt og tydeleg om det ein gjer i klasserommet eller heime.				
Eleven kan forstå når nokon fortel enkelt om seg sjølv, familien sin og vennene sine.				
Eleven kan forstå namn på dagar og månader				
Eleven kan forstå når nokon forklarer noko på ein enkel måte. <i>(Til dømes vegen til ein butikk eller korleis eleven skal gjere ei oppgåve på skolen)</i>				
Eleven kan forstå tal. <i>(Til dømes brukt om alder, klokkeslett og om kor mykje ting kostar)</i>				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

LYTTE**Nivå 2**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan forstå daglegdagse ord og uttrykk som gjeld eleven direkte. <i>(Til dømes knytte til skole eller familie)</i>				
Eleven kan forstå daglegdagse ord og uttrykk som har å gjøre med personlege interesser. <i>(Til dømes hobbyar, dyr, ferie, musikk, TV eller reiser)</i>				
Eleven kan forstå når nokon les enkle forteljingar dersom dei forklarer nye ord og viser bilete.				
Eleven kan forstå når nokon snakkar om det ein gjer eller opplever i konkrete situasjonar. <i>(Til dømes forklarer reglar for spel eller snakkar om det ein ser og hører på turar)</i>				
Eleven kan forstå innhaldet i forteljingar og beskrivingar.				
Eleven forstår innhaldet i tydelege beskjedar.				
Eleven kan forstå innhaldet i faglege framstillingar.				
Eleven kan forstå når nokon fortel om arbeidet sitt dersom eleven veit noko om yrket frå før.				
Eleven kan forstå tal og storleikar. <i>(Til dømes i enkle matematikkoppgåver)</i>				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

**LYTTE****Nivå 3**


Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan følgje med og forstå hovudinhaldet i presentasjonar i klassen. <i>(Til dømes ved presentasjon av prosjekt eller av nytt fagstoff)</i>				
Eleven kan forstå og ha utbytte av fagopplæring.				
Eleven kan forstå hovudinhaldet i tv-program.				
Eleven har utbytte av ei lydbok eller eit radioprogram om noko eleven er interessert i, når det blir snakka tydeleg.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

TALE**Nivå 1**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan uttale norske lydar, lydkombinasjonar og uttaler setningar med så god intonasjon at andre forstår det som blir sagt.				
Eleven kan helse, takke, ta farvel og unnskynde seg.				
Eleven kan svare på spørsmål og fortelje litt om seg sjølv, familie og bustad.				
Eleven kan stille enkle spørsmål knytte til undervisninga.				
Eleven kan svare på spørsmål og fortelje litt om aktivitetar på skolen, heime og i fritida.				
Eleven kan stille enkle spørsmål til andre om kva dei gjer på skolen, heime og i fritida.				
Eleven kan bruke namn på dagar og månader.				
Eleven kan seie frå når det er noko ho eller han ikkje forstår.				
Eleven kan be nokon om noko, til dømes om å få låne noko eller få hjelp til noko.				
Eleven kan fortelje litt om noko som har skjedd.				
Eleven kan fortelje om ting som eleven gjer ofte.				
Eleven kan fortelje om han eller ho er glad, trist eller sint.				
Eleven kan seie litt om kva han eller ho liker og ikkje liker.				
Eleven kan bruke tal og tidsomgrep om alder, klokkeslett, datoar, dagar, veker.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

**TALE****Nivå 2**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan snakke forståeleg og samanhengande.				
Eleven kan gi beskrivingar av menneske, nærmiljø og aktivitatar knytte til skole, fritid og arbeid.				
Eleven kan formidle og svare på beskjedar knytte til ulike situasjonar.				
Eleven kan samtale med andre om noko av det som skjer på skolen og i fritida.				
Eleven kan foreslå noko for andre, love å gjere noko og seie ja eller nei til noko på ein høfleg måte.				
Eleven kan gi ein presentasjon i klassen av noko ho eller han har kjennskap til og har førebudd, og kan svare på spørsmål knytte til presentasjonen.				
Eleven kan gjengi hovudinnhaldet i dramatiserte eller illustrerte munnlege forteljingar.				
Eleven kan samtale om innhaldet i filmar.				
Eleven kan samtale om innhaldet i dataspel.				
Eleven kan samtale om innhaldet i litterære tekstar.				
Eleven kan samtale om innhaldet i teaterstykke.				
Eleven kan bruke tal og storleikar. (<i>Til dømes i enkle matematikkoppgåver</i>)				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

TALE**Nivå 3**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan gi respons til medelevar under presentasjonar og ved høgtlesing.				
Eleven kan be om fleire opplysningar når det er nødvendig.				
Eleven kan uttrykkje at han eller ho er forundra, tilfreds, misnøgd.				
Eleven kan uttrykkje at han eller ho er sikker, usikker og i tvil.				
Eleven kan uttrykkje meininger og gi grunngivingar.				
Eleven kan uttrykkje og grunngi ønske.				
Eleven kan fortelje om planar.				
Eleven kan fortelje om framtidstraumar.				
Eleven kan medverke til å halde samtalar i gang.				
Eleven kan forklare kvifor noko er eit problem og kommentere meiningane til andre.				
Eleven kan gjenfortelje hovudinnhaldet i filmar, radio- og tv-program, teaterstykke og gi uttrykk for meinингa si om innhaldet.				
Eleven kan fortelje om interesser, hendingar og erfaringar knytte til eigen kvardag tilpassa situasjon, føremål og mottakarar.				
Eleven kan gjennomføre ein førebudd presentasjon i klassen.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

**LESE****Nivå 1**

Navn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan det norske alfabetet, og kan lese små og store bokstavar.				
Eleven kan knyte bokstavane til lydar og trekke lydane saman til ord.				
Eleven kan lese tilpassa tekstar med flyt og samanheng.				
Eleven kan kjenne att namn og tal.				
Eleven kan kjenne att vanlege logoar og skilt.				
Eleven kan forstå samanhengen mellom bilet og tekst i enkle samansette tekstar.				
Eleven kan lese og forstå korte beskjedar om tid, stad og det som skal gjerast.				
Eleven kan lese og forstå hovudideen i korte tekstar om kjende tema.				
Eleven kan lese og forstå enkle skriftlege spørsmål om noko han eller ho har lese på norsk.				
Eleven kan finne aktuelle bøker på biblioteket.				
Eleven kan finne aktuelle tekstar på Internett.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

LESE**Nivå 2**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan lese og forstå ulike typar tekstar med aldersrelevant og aktuelt innhald. <i>(Til dømes forteljingar og dikt)</i>				
Eleven kan lese og forstå tekstar om nye tema dersom læraren har forklart nye ord og vist bilete.				
Eleven kan lese og forstå forklaringar til skriftlege arbeid. <i>(Til dømes relevante oppgåvetekstar)</i>				
Eleven kan lese og forstå postkort og brev og meldingar. <i>(Til dømes e-post og sms)</i>				
Eleven kan finne informasjon som står i alfabetisk rekjkjefølgje. <i>(Til dømes i ordlister og adresselister)</i>				
Eleven kan lese og forstå arbeidsplanar som blir brukte på skolen.				
Eleven kan forstå enkle tabellar og brukstilvisingar med bilete. <i>(Til dømes sportsresultat og reglar for enkle spel)</i>				
Eleven kan forstå nokre bilettekstar og overskrifter i aviser.				
Eleven kan forstå nokre nye ord når han eller ho har lært andre ord i same ordfamilie. <i>(Til dømes hjelksam eller hjelpelaus, frå verbet å hjelpe)</i>				
Eleven kan søkje informasjon digitalt.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

**LESE****Nivå 3**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan lese og forstå fagtekstar.				
Eleven kan lese og forstå skjønnlitterære i ulike sjangrar som ikkje inneheld for mange ukjende ord.				
Eleven kan forstå ordforklaringer til ein tekst som læraren ikkje har gjennomgått.				
Eleven kan lese og forstå oppgåveinstruksjonar til tekstar som læraren ikkje har gjennomgått.				
Eleven kan lese og forstå personlege brev eller e-post som beskriv hendingar, kjensler og ønske.				
Eleven kan finne litteratur og stoff til eigne arbeidsoppgåver på Internett.				
Eleven kan finne nødvendig informasjon i oppskrifter, brosjyrar og på Internett.				
Eleven kan finne fram til relevant informasjon ved oversiktslesing av ein tekst.				
Eleven kan bruke ordbøker og digitale hjelpemiddel til ordlæring, omgrepssforståing, bøyning og rettskriving.				
Eleven kan forstå ulike typar kart, statistikkar og grafiske tabellar.				
Eleven kan lese og forstå ein enkel tekst på sidemålet.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

SKRIVE**Nivå 1**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan skrive store og små bokstavar.				
Eleven kan fylle ut enkle skjema og lister. (<i>Til dømes timeplanar og klasselister</i>)				
Eleven kan skrive ord og setningar som er kjende fra før.				
Eleven kan svare på korte, lette spørsmål.				
Eleven kan skrive enkle spørsmål og beskjedar.				
Eleven kan svare på enkle meldingar og beskjedar.				
Eleven kan skrive kort om noko som er lært, slik at andre forstår det.				
Eleven kan bruke tal. (<i>Til dømes til å skrive alder, dato, prisar og kor mykje klokka er</i>)				
Eleven kan utføre aktivitetane over både med eiga handskrift og digitalt.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

**SKRIVE****Nivå 2**


Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan løye oppgåver til tekstar det er arbeidd med.				
Eleven kan skrive ei kort gjenforteljing av ein tekst det er arbeidd med på skolen.				
Eleven kan skrive postkort og e-post.				
Eleven kan fylle ut relevante skjema. <i>(Til dømes søknad om bibliotekkort)</i>				
Eleven kan skrive ein enkel dagboktekst eller logg.				
Eleven kan skrive korte forteljinger, også digitalt.				
Eleven kan skrive ein enkel fagtekst, også digitalt.				
Eleven kan lage enkle samansette skjermtekstar.				
Eleven kan bruke hovudreglar for teiknsetjing.				
Eleven kan ordne tekstar med overskrift, innleiing og avslutning.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

SKRIVE**Nivå 3**

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan ta notat ved lesing av fagtekstar.				
Eleven kan lage passande bilettekstar til teikningar og fotografi.				
Eleven kan skrive korte rapportar og føre logg.				
Eleven kan skrive forteljingar.				
Eleven kan lage eit samandrag av noko han eller ho har sett, høyrt eller lese.				
Eleven kan skrive ein kort, samanhengande fagtekst om eit kjent emne.				
Eleven kan setje opp tekstar på ein oversiktleg måte ved hjelp av overskrifter, avsnitt og teiknsetjing.				
Eleven kan bruke eit variert ordforråd.				
Eleven kan uttrykkje kjensler og meininger i eiga skriving.				
Eleven kan bruke digitalt verktøy i eiga skriving.				
Eleven har få ortografiske feil og kan følgje hovudreglar for bøyning av ord og for oppbygging av setningar.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--



SPRÅKLÆRING

Nivå 1

Navn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan utnytte teikningar og bilete for å forstå ord og enkel tekst.				
Eleven kan samanlikne språklydar på morsmålet og på norsk.				
Eleven kan gi døme på korleis skriftbiletet varierer avhengig av skriftsystem				
Eleven kjenner til ulikskap mellom skrift og tale. <i>(Til dømes skrivemåten av frekvente ord som "eg", "som", "det")</i>				
Eleven kan snakke om sentrale ord og uttrykksmåtar i morsmålet og samanlikne med norsk. <i>(Til dømes italiensk "sono" = "eg er"; eller ulikskap i ordstilling i enkle setningar som til dømes engelsk "yesterday he came" = "i går kom han")</i>				
Eleven kan samtale om korleis han eller ho lærer norsk.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

SPRÅKLÆRING

Nivå 2

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan identifisere ulike ordklassar og kan beskrive funksjonane til desse ordklassane.				
Eleven kan forstå nye ord ut frå noko kjennskap til ordlagning på norsk.				
Eleven kan fortelje om skilnader mellom norsk og eige morsmål ut frå eigne erfaringar.				
Eleven kan gi uttrykk for eigen kompetanse på ulike språk.				
Eleven kan bruke ulike strategiar for å lære nye ord og omgrep.				
Eleven kan samtale om sentrale kommunikasjonsstrategiar. <i>(Til dømes korleis ein stiller spørsmål, ber ein person gjenta, uttrykkjer seg høfleg)</i>				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--



SPRÅKLÆRING

Nivå 3

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan fortelje om erfaringane sine med å bruke ulike språk i ulike situasjonar.				
Eleven kan snakke om talemålsvariasjon i norsk og morsmål.				
Eleven kan gi døme på nokre språklege bilete i norsk og morsmål.				
Eleven kan samtale om å bruke ironi og humor.				
Eleven kan identifisere nokre likskapar og skilnader mellom norsk og eige morsmål og kan utnytte dette i eiga språklæring.				
Eleven kan snakke om erfaringar med kvar, korleis og når dei ulike språka blir brukte.				
Eleven kan reflektere over og samtale om sin eigen kompetanse som fleirspråkleg.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

SPRÅK OG KULTUR

Nivå 1

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan samtale om innhaldet i nokre enkle aldersrelevante tekstar. <i>(Til dømes eventyr, forteljingar, gåter, dikt og songar)</i>				
Begynt dato:		Avslutta dato:		



SPRÅK OG KULTUR

Nivå 2

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan samtale om nokre munnlege tekstar frå ulike land og gjere samanlikningar.				
Eleven kan samtale om nokre skriftlege tekstar frå ulike land og gjere samanlikningar.				
Eleven kan samtale om nokre faste uttrykk og sentrale ordtak.				
Eleven kan forklare meiningsa i nokre språklege bilete.				
Eleven kan samtale om språkleg mangfald i Noreg.				
Eleven kan uttrykkje eigne tankar om personar og handlingar i forteljingar, TV-program, filmar eller teaterstykke.				
Eleven kan fortelje om nokre lokale personar, stader og hendingar.				
Eleven kan fortelje om nokre sentrale norske personar, stader og hendingar.				


Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--

SPRÅK OG KULTUR

Nivå 3

Namn:				
Klassesteg:				
Eleven kan:	Med mykje hjelp	Med litt hjelp	Utan hjelp	Dokumentert i mappe
Eleven kan presentere eigne tolkingar av personar og handlingar i relevant skjønnlitteratur.				
Eleven kjenner språklege særtrekk ved nokre norske dialektar.				
Eleven kan samtale om korleis språk endrar form og status over tid. <i>(Til dømes skilnaden mellom eit handskrive brev og ei sms-melding eller endringar i bruken av tiltaleformer til lærarar)</i>				
Eleven kan gi døme på korleis språk blir brukt ulikt i uformelle og formelle situasjonar. <i>(Til dømes å be ein venn om hjelp eller be ukjende om hjelp til å finne vegen)</i>				
Eleven kan samtale om korleis språk kan brukast for å uttrykkje ulike haldningar til andre.				
Eleven kan presentere viktige tema i nokre sentrale norske samtidstekstar.				
Eleven kan samanlikne bruken av ironi i norsk og eige morsmål.				
Eleven kan forklare korleis språk og sjangrar blir brukte ulikt i nokre ulike sosiale samanhengar.				
Eleven kan samtale om korleis språk kan uttrykkje og skape haldningar til enkeltindivid og grupper.				

Begynt dato:		Avslutta dato:	
---------------------	--	-----------------------	--



DEL 3. Språkmappa til eleven

Språkmappa til eleven byggjer på prinsippet om mappevurdering. I mappa samlar eleven munnlege og skriftlege arbeid som dokumenterer dei språklege ferdighetene og kunnskap om språk og kultur. Heile eller delar av mappa kan være elektronisk.

Eksempel på dokumentasjon frå eleven kan vere eigenproduserte tekstar på papir og på skjerm, skriftleg dokumentasjon av ordkunnskap og omgrepsforståing, prøver, ulike typar prosjektarbeid, lydopptak og videoopptak. Det bør takast sikte på at eleven får arbeide på ulike måtar og med eit breitt spekter av ferdigheter, og at dette blir dokumentert i mappa.

Mappa bør ha ei innholdsliste med tittel og dato for kvart enkelt arbeid som er samla i mappa.


Mappa kan gi eleven og føresette ei oversikt over eleven sine arbeid og språkleg og fagleg utvikling. Samtidig er ho eit verktøy i læraren si vurdering av når eleven har oppnådd kompetansemål på eitt nivå og kan gå over til neste. Mappa er òg dokumentasjon på om eleven har nådd eit nivå som tilseier at eleven bør begynne å følgje opplæringa etter læreplanen i norsk.

Læraren og skolen kan i enkelte tilfelle vurdere det slik at elevar kan få opplæring etter læreplanen i norsk parallelt med bruken av læreplanen i grunnleggende norsk, eller at til dømes elevar på barnesteget kan gå over til læreplanen i norsk utan å ha nådd nivå 3 i skriftspråklege ferdigheter.



Eksempel på instruks til eleven i samband med språkmappa

MAPPA MI
I mappa samlar du eksempel på kva du har arbeidd med i faget, og som viser kva du har lært deg. Etter kvart som du samlar arbeid i mappa, vil du sjå at du blir flinkare og flinkare i språket. For at mappa ikkje skal bli for full og heile tida vere aktuell, kan du leggje inn nye og fjerne gamle arbeid. Mappa kan du vise fram til lærarane dine, foreldra og andre som er interesserte i utviklinga di. Lag ei innhaldsoversikt som viser kva som ligg i mappa
Her er nokre eksempel på kva du kan leggje inn i mappa di:
<ul style="list-style-type: none">• Skriftlege arbeid• Lyd- og videoinnspelingar• Prosjektarbeid• Presentasjonar laga ved hjelp av ulike dataprogram• Prøver/testar



Eksempel på innhaldsoversikt

INNHOLD I MAPPA MI	
Dato	
Tittel	
Kvifor valde eg dette	
Dato	
Tittel	
Kvifor valde eg dette	
Dato	
Tittel	
Kvifor valde eg dette	




PROFILEN til ELEVEN

Alle skjema i "Profilen til eleven" kan brukast for å synleggjere kompetanse innanfor dei ulike hovudområda i læreplanen.

Rutene kan markerast opp til det nivået eleven er på. Ikkje berre heile ruter, men også delar av ruter kan markerast.

Dersom det blir fylt ut profilark med jamne mellomrom, kan arka gi ein illustrasjon av eleven sin framgang. Dei ulike språklege ferdighetene vil vanlegvis utviklast i ulikt tempo, og profilarka kan vise kva for område eleven har særleg behov for å arbeide meir med.

"Profilen til eleven" på ulike tidspunkt kan leggjast inn i språkmappa.



PROFILEN TIL ELEVEN

Namn:	
Gruppe:	

Språklege ferdigheter	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Lytte			
Lese			
Tale			
Skrive			

Språk og kultur Språklæring	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Språk og kultur			
Språklæring			

UTDANNINGSDIREKTORATET
Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 Oslo
Tlf: 23 30 12 00
Faks: 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no